



GLYTSEN

Lyngmo – 50 år i 2015

# Lyngmo 50 år i 2015!

\* Jubileumshelg 13. - 14. juni

**STATUS NYBYGG**

- sjå side 3!!

**TID FOR VINTERLEIRAR**

- sjå baksida for informasjon!!



# Helsing frå Lyngmo

I 2015 er det 50 år sidan Lyngmo vart teken i bruk. Då var dei gamle brakkene, som kom frå kraftutbygginga i Fortun, flytta og klare til å ta i mot leirdeltakarar i alle aldrar. Svært mange born og ungdom frå Indre Sogn har vore innom på leir eller andre arrangement på den idylliske leirstaden vår like ved Hafslovatnet. Mange leirborn har hatt gode opplevingar her; opplevingar som på mange måtar er like i 2015 som det var i 1965. Dei har overnatta utan foreldre, stått i kiosk-kø, høyrt spanande forteljingar under bibeltimane, hatt det moro med dei vaksne leiarane, prøvd å leggje dynetrekket på dyna sjølv eller prøvd å få soveposen tilbake i soveposetrekket ved avreise, brukt tid med venner, fått nye venner, flørtar, ja- nokre har også blitt kjærestar..! Her er mange gode minner! Det viktigaste med leirane er framleis det same som for 50 år sidan: At leiarane får dele den kristne trua si med deltakarane, noko som gjer at Lyngmo har

vore ein viktig plass for trusopplæring til born og ungdom gjennom alle desse åra!

Brakkene som det heile byrja med hadde ein enkel standard og mykje har blitt endra på bygningane sidan oppstarten. Det har vore to hovudutbyggingar; I 1989 vart fellesareal med kjøkken, matsal, møtesal, peisestove og vestibyle bygd nytt. Samstundes vart også styrabustaden bygd. Etter dette vart det ei meir fast drift, med eit bygg som var godt tilrettelagt for heilårsdrift. Det vart fast tilsett personale, blant anna med styrar i 100 % stilling. I 2004 stod det eit nytt internat klart. Gjestene våre kunne då glede seg over å få betre fasilitetar med gode og store soverom med eige bad. Som mange av dykk veit jobbar me no aktivt med tankar om å rive den siste delen av bygget frå 1965. Dersom alt går etter planen vil det verta byggestart allereie august i år og det vil koma opp eit større og meir tenleg bygg med aktivitetssal.

## Lyngmo – 50 år i 2015



*Eit vinterkledt Lyngmo - Me har fått rikeleg med snø denne vinteren. Taka på hovudbygg og hytter måtte måkast i midten av januar. Gode dugnadsfolk hjelpte oss med det :)*

I løpet av februar og mars vil det verta teke mange viktige slutningar rundt dette.

I dag er det ikkje berre leirar for barn og ungdom på Lyngmo. Det er ei aktiv heilårsdrift med 40 - 45 helgar og totalt 230 dagar med arrangement, nesten 4 årsverk med tilsette og 4 - 5 årsverk med dugnad. Det syner oss at Lyngmo er ein relevant stad i 2015 og mange står opp om dei ulike aktivitetane.

Me må sjå med takksemd tilbake på alle dei som har stilt opp for Lyngmo; Tilbake til dei 5 karane som kjøpte brakkene med pengar frå eiga lomme, dei som lånte vekk eigedommen sin til leirstaddrift, alle talarar og leiarar på leiran, dei som har vore tilsett her, styrerep-

resentantar og alle andre som på ein eller anna måte har bidrge!! Lyngmo er Sogningane sin leirstad og det ynskjer me at det framleis skal vera! Gåveaksjonen, som starta i mars 2014, har foreløpig resultert i over 2 millionar kroner(!), noko som gjev oss tru for at me skal få til ei ny utbygging! Det er med stor audiukheit me forvaltar desse pengane og ønsket er at resultatet vert eit flott nytt bygg med eit betre tilbod til leirarbeidet vårt!

13. - 14. juni ser me fram til jubileumshelg for Lyngmo. Det er planlagt eit variert program og me håpar at mange vil setja av helga til å feire leirstaden vår saman med oss! Velkommen!

## Status nybygg → Lyngmo i ny drakt

### Status


I løpet av hausten har det blitt jobba aktivt vidare med planarbeidet for det nye bygget. Det er mange tekniske spørsmål som må jobbast med og det er ein lærerik prosess! No er det fire år sidan me konkret byrja å jobbe med planane og gjennom prosessen har mange fått koma med innspel. No er det arkitekt, tekniske konsulentar og entrepenør som jobbar med fullføring av planane. Det er gode fagfolk som hjelper til med dette og me byrjar å sjå fram mot ei avklaring. I løpet av januar / februar skal det liggja føre eit meir nøyaktig prisoverslag. Sjølvsgåt har me spennande dagar fram til me får sjå kva bygget vil kosta til slutt.

Følg med på heimesida til Lyngmo for oppdatert informasjon!

### Gåveaksjonen

Gåvekomiteen har jobba aktivt gjennom hausten og dei har vore i kontakt med mange,

noko som foreløpig har resultert i over 2 millionar i registrerte gåver. Det er fantastisk å oppleva at gåvene kjem inn, og samstundes veit me at det er heilt naudsynt å få inn dette dersom me skal få realisert nybygget. Dersom du vil støtte prosjektet nyttar du konto nr. 3720.07.68427.



# 16 - 30 leir

I november var det igjen duka for 16 - 30 leir her på Lyngmo. Laurdagskvelden vart det rigga til for utekino. Eit heimesnikra lerret av 3 spon-plater gjorde susen. Været var ikkje optimalt for slike påfunn, men me var heldige og forutan om nokre regndråpar her og der var det opplett heilt til rulleteksten kom over skjermen!



## Det er på Lyngmo det skjer!



Tradisjon tru var det duka for julemidag for ungdom rett før jul. Det er ingen overdrivelse om me seier at dette er ein julemiddag mange vil hugse ekstra godt, i hvert fall 2 personar. Me plar alltid å ha Damenes og Herrenes tale som ein del av programmet denne kvelden, og Ivan Daniloff var den som skulle holde Damenes tale. Då han var kommen til slutten av sin tale, ville han ta fram eit døme på ei flott dame. Andrea Brude (kjærresten) blei spurd om å komme fram, og før me visste ord av det fridde Ivan til Andrea.

Me gratulerar så mykje! =)

## Me minnar om Bibelsommar i Vest

**28. juni - 5. juli 2015. Sjå heimesida for meir informasjon!**

# Leirtravaren

**Namn:** Markus Feten

**Frå:** Vetlefjorden

**Alder:** 12 år

**Kva er kjekt på leir?** Det er kjekt å få nye venner og møte att andre frå forrige leir.

**Kvifor kjem du på leir?** Eg tykkjer det er morsomt. Holmen er ein kjekk leikeplass.

Det er spennande å oppleve nye ting.

**Kva sit du att med?** Songane huskar eg best. Frå tema huskar eg best at me er alle skapt i Guds bilete. Me som ein skatt Jesus leitar opp med metalldetektor. Han søker oss.



**Takk for intervjetet! :)**

## Vinter på Lyngmo



Avtroppande leiar i leirnemnda Lars Bjarte Nesheim, er alltid klar for ein aketur! Me nyttar høvet til å takke for jobben han har gjort i nemnda!

# Dette skjer på Lyngmo:

## FEBRUAR 2015

- 5. Småbarnstreff
- 12. Knøttekor og torsdagsklubb
- 13. - 16. Leir for 4 - 7 klasse
- 19. - 22. Leir for 7 - 10 klasse
- 26. Knøttekor og torsdagsklubb
- 27. - 1. mars Inspirasjonshelg for kvinner

## MARS 2015

- 5. Småbarnstreff
- 6. - 8. Åpen Korhelg
- 12. Knøttekor og torsdagsklubb
- 14. Årsmøte NLM
- 19. Småbarnstreff
- 20 - 22. 2 - 4 klasseleir
- 26. Knøttekor og T.klubb
- 27. - 30. Påskeleir Lyngmo (Familieleir)

## APRIL 2015

- 1. - 5. Påskeleir NLM (Familieleir)
- 9. Knøttekor og torsdagsklubb
- 10. VårBasar
- 12. Barnas Supersøndag
- 16. Småbarnstreff
- 17. - 19. Leir 16:30 år
- 23. Knøttekor og torsdagsklubb
- 24. - 26. Ordet og Israel
- 30. Småbarnstreff

## MAI 2015

- 7. Avslutning Knøttekor og torsdagsklubb
- 16. Ungdomsarr.
- 18-21. Vi over 60 år leir
- 29. - 31. Leir 7 - 10 klasse



### Familieleir palmhelga 2015

Tilrettelagt for småbarnsfamiliar (0 - 12 år)

**Fredag 27. - mandag 30. mars**

Påmelding og informasjon

[lyngmo@lyngmoinfo.com](mailto:lyngmo@lyngmoinfo.com) - [www.lyngmoinfo.com](http://www.lyngmoinfo.com)

- Jesus lever! • Bibeltimar og Barnesamling
- Lovsong      • Mykje god mat
- Temsamling om «Tru i heimen»
- Skianlegg 5 min frå Lyngmo
  
- Leiatar:      Herborg Kari og Andreas Evensen  
                  Marianne og Geir Allan Fylkesnes  
                  Målfrid og Edgeir Gunvordal  
                  Sissel og Kjetil Stautland



### Inspirasjonshelg for kvinner!



Lyngmo

27.2-1.3 2015

### Minnegåver

Tusen takk for gåvene som  
vart gitt i samband med  
gravferdene til

- Helge Solberg
- Signe Urnes
- Borghild Hess

# **Det snør, det snør.. =)**



*Hallvard og Bernt Einar i full gang med å måke snø frå taket på gamle internatet.*

Snøen har for alvor gjort sitt inntog på Lyngmo, og dette fører naturlegvis med seg ein god del ekstra arbeid med snømåking. I tillegg til å halde inngangsparti og nødutgangar frie for snø har me 7 hyttetak og delar av hovudbygget som det måtte måkast snø av. Det er mange år sidan dette har blitt gjort, men når snømengda på taket godt passerte 1 meter måtte me måke

for ikkje å risikere at noko vart øydelagt. Det er utruleg kjekt å oppleve at folk stilte velvillig opp og hjelpte oss med dette arbeidet. Tredje veka i januar hadde me over 10 dugnadsfolk som gjorde ein kjempeinnsats. Me hadde ikkje hatt mykje tid til andre ting enn snømåking, om det ikkje var for dei. Takk for hjelpa! =)

## **Me minnar om «Vi over 60»**

**18. – 21. mai 2015. Sjå heimesida for meir informasjon!**

Returadresse:  
Lyngmo Ungdomssenter  
Lyngmo 12  
6869 Hafslø

Telefon: 57684366  
E-post: lyngmo@lyngmoinfo.com  
Heimeside: www.lyngmoinfo.com  
Gåvekonto: 3720.07.68427



- 2. - 4. klasse 20. - 22. mars, pris 500,-  
4. - 7. klasse 13. - 16. februar, pris 730,-  
7. - 10. klasse 19. - 22. februar, pris 800,-**

**Det vert gitt 25% søskenmoderasjon  
frå og med søsken nr. 2**

For påmelding og informasjon:  
Mail: bua@lyngmoinfo.com  
Tlf: 57 68 43 66  
[www.lyngmoinfo.com](http://www.lyngmoinfo.com)

